



FJELLNETTVERKET

Fjellpolitikk

For levande og livskraftige fjellbygder



Innhald

Innhald.....	2
1. Fjellnettverket	3
2. Definisjon av fjellområde	3
3. Ressursar i fjellområda.....	3
Areala	4
Beiteområda.....	4
Skogslandskapa	4
Innmarkene	4
Reint og rikeleg vatn.....	5
Vasskrafta	5
Det biologiske mangfaldet.....	5
Mat frå fjellet.....	6
Dyrelivet	6
Fritid og rekreasjon.....	6
Kulturarv og tradisjonar.....	6
Samisk kultur og næring	7
Fellestrekk for fjell-landskapa	7
4. Fjellperspektivet – kunnskapssamling, forskning, utdanning.....	7
5. Folk i og nær fjella	8
6. Fjellpolitikk	8
6.1 Økonomi:	9
6.2 Natur.....	9
6.3 Sosialt.....	11
6.4 Kultur	11



1. Fjellnettverket

Fjellnettverket er eit samarbeidsorgan for fylker, regionråd og kommunar med fjellområde. Vi arbeider for å sette spørsmål for fjellområda på dagsorden. Visjonen til Fjellnettverket er levande og livskraftige fjellbygder.

Fjellnettverket arbeider for:

- At det er og skal vere attraktivt å bu i fjellområda,
- å synleggjere dei verdiane naturressursane utgjer i og nær fjella våre,
- å forvalte fjella på berekraftig vis,
- å hauste og utvikle naturressursane til nytte for nobuande og framtidens innbyggjarar i og nær fjella og for storsamfunnet.
- At det blir lagt til rette for at tilreisande skal kunne bruke fjella på skånsamt vis.
- At fjellperspektivet skal innarbeidast i all nasjonal politikk som vedkjem våre område.

2. Definisjon av fjellområde

Med fjellområde meiner vi areal som ligg minst 700 moh i Sør-Norge og 600 moh i Nord- Trøndelag. Ein fjellkommune er ein kommune med minst 50 prosent fjellområde innanfor sine grenser. Ein tilliggjande kommune er ein kommune med fjellområde, men mindre enn 50 prosent, og vesentlege funksjonar knytte til i fjellområda¹.

3. Ressursar i fjellområda

Fjellområda er store og med rike naturressursar. Dei utgjer verdier både for folk som bur der, for det norske storsamfunnet og for det globale samfunnet.

I FNs berekraftsmål blir ressursane i fjellområda peika på som spesielt viktige. For å sette fokus på at fjellområda har ei sentral betydning, har FN oppretta International Mountain Day 11. desember. Fjellområda er viktige i arbeidet med berekraftsmåla og i mål 15, punkt 4 heiter det:

Innen 2030 sikre bevaring av økosystemer i fjellområder, herunder deres biologiske mangfold, slik at de skal bli bedre i stand til å yte viktige bidrag til en bærekraftig utvikling.

¹ Østlandsforskning Fjellområder og fjellkommuner i Sør-Norge. Definisjon, avgrensning og karakterisering.



Fjellområda i Noreg har naturgitte føresetnader som har andre grunnlag for utvikling og forvaltning samanlikna med resten av Noreg. Naturen i fjellet er sårbar og over 30 prosent av fjellarealet er verna. Med få vekstdøgn og relativt få artar (samanlikna med låglandet), er naturen i fjellet spesielt utsett for både for klimaendringar, arealbruksendringar og menneskeleg ferdsel². God forvaltning av desse områda stiller derfor spesielle krav, og kan skje best når det bur folk i og nær fjella.

Areala

Fjellområda innanfor våre kommunar utgjer 90 885 km³. I alt bur om lag 250 000 innbyggjarar i kommunar med fjellområde. Det bur såleis 2,7 innbyggjarar per km² i desse områda, mot 16,2 i Noreg og meir enn 500 i til dømes Nederland. Ei veksande folkemengd, stadig meir forureina, forørkna og nedbygde landområde i verda og ei mogeleg havstigning i tida framom oss gjer våre store areal meir og meir viktige.²

Beiteområda

Store delar av fjella og fjellnært landskap produserer mykje biologisk materiale og kan nyttast til beitemark – utan jordarbeiding og utan tilførsel av kunstgjødsl eller ugrasmiddel. Beitesesongane er korte, men graset og andre beiteplanter i fjella er svært næringsrik føde for planteetande dyr og inneheld stoff som husdyr fôra opp på einsarta og kunstgjødsla innmarksbeite eller hausta gras og tilførte fôrstoff ikkje får i seg.

For di me i vårt land har nedbør spreidd over året og ikkje tørke- og regnperiodar, har me også stabil og lite erosjonsutsett vekstjord.

Utmarksbeiting med husdyr og like eins ville, planteetande dyr bidreg til å styrkje vekstjorda og såleis binde karbon og dempe oppvarminga. Dette fordi dyra spreier såfrø, gjødslar jorda og stimulerer planteveksten.⁴ Mykje tyder også på at utmarksbeiting betrar dyrevelferda og gir friskare dyr.

Skogslandskapa

Fjell-landskapa, slik dei er definerte i det føregåande, består av snaufjell med minimal plantevekst, vekstjord mellom skog og snaufjell og skogslandskap med lauvskog og barskog. Mykje av skogen er produktiv og kan gi materialar og bioenergi. Den bind karbon, og i skogen finst eit mangfald artar tre og andre planter, dyr og mikrobar. Spesielt viktig og sårbart er beltet mellom barskogen og bygdene på eine sida og skoggrensa opp mot fjellet.

Innmarkene

Innmarksareala i fjellbygdene er stabile og gir dei fleste stader plantevekst utan kunstig vatning, men dei er relativt små. Frå plantedyrking og husdyrhald kom i yngre steinalder og fram til no har fjellbygdlandbruket vore basert på kombinasjonen mellom bruk av desse innmarksareala og store

² <https://miljostatus.miljodirektoratet.no/tema/naturomrader-pa-land/fjell/>

³ Tal frå database hos Statistisk sentralbyrå.

⁴ Sjå til dømes FAO: Soil organic carbon, the hidden potential, Roma 2017.



utmarksområde. Slik er det framleis. Skal utmarksressursane nyttast til matproduksjon, krevst gardsbruk nær desse, og for husdyrhald krevst dyreflokkar som ikkje er større enn at dei kan nyttiggjere seg beita.

Reint og rikeleg vatn

Fjella utgjer store nedbørområde, og dei store areala med relativt liten aktivitet av menneske og lite forureining gjer at vatnet er reint. Tilgang til reint drikkevatt frå sikre kjelder og nok vatn til gode sanitærforhold er blant FNs berekraftsmål.

Vasskrafta

Fordi fjellområda er så store og ligg så høgt over havet, kan nedbøren der på sin veg frå fjell til hav brukast til produksjon av store mengder elektrisk energi. Med utbygde reguleringsmagasin kan elektrisitet produserast dei tidene av året den trengst mest. Det er først og fremst takka vere fjellområda at Norge har overskot av elektrisk straum. Medan produksjon av elektrisitet basert på kol, olje eller gass fører til global oppvarming, er den norske vasskrafta etter utbygging klimanøytral.

Det biologiske mangfaldet

Om det biologiske mangfaldet i og nær fjell ikkje er like stort som i landskapstypar som regnskog, er det på mange måtar unikt. Artar som finst i våre område, kan vere av stor verdi for framtida. Mykje av mangfaldet, særleg mikrobielivet i jord og vatn, er enno ukjent. Det å forvalte landskapa slik at mangfaldet blir sikra for framtida, er difor avgjerande.

Legemidlet Ciklosporin illustrerer det biologiske mangfaldet i og nær fjell og verdien av dette. Hausten 1969 var ein sveitsiske mikrobiolog med ektemake på bilferie i Norge. Frå Dyranut på Hardangervidda tok dei med seg ei jordprøve i ein plastpose. I denne prøva fann dei ein soppspore som vart grunnlaget for Ciklosporin, som blir brukt etter organtransplantasjonar for å dempe risikoen for at kroppen støyter nye organ frå seg. Ciklosporin blir også nytta som medisin ved somme typar psoriasis og eksem.⁵

⁵ Sjå til dømes Borel, Jean F., "History of the discovery of cyclosporin and of its early pharmacological development," [Wien Klin Wochenschr \(2002\) 114/12: 433–437.](#)



Mat frå fjellet

Husdyr, vilt, fisk og bær, er ressursar som menneske kan nytte og som kjem frå fjellet. Nyttning av desse ressursane har vore viktig for livet i fjellbygdene og jakt på ville dyr, fisk eller bær, er ein berekraftig bruk av naturen. I beitesesongane kan fôrressursane i fjellet haustast av matproduserande dyr utan naturinngrep, utan bruk av kunstgjødsel eller andre tilsetjingsstoff og utan maskinbruk.

Mjølke og kjøtt og egg frå husdyr og ville beitedyr i utmark og fjell smakar ulikt kraftfôrbaserte landbruksprodukt. Fordi beitedyra nyttiggjer seg eit mangfald av planter og ikkje berre kraftfôr og gras, får dei eit meir allsidig grunnlag for vekst og produksjon. Bruken av ressursane frå fjellet bidreg til å gjere den nasjonale og globale matproduksjonen meir robust.

Dyrelivet

Dyrelivet i fjellet er spesielt sårbart. Mange av artane lever marginalt, det vil seie at det skal lite til for å påverke eller endre livsvilkåra. Klimaendringar, menneskeleg ferdsel og nedbygging trugar og påverkar livsvilkår til dyra som lev i fjellet. Det karrige livsgrunnlaget, gjer at mange av artane treng god mattilgang og uforstyrta område der det er lite eller ikkje noko menneskeleg aktivitet.

Fritid og rekreasjon

I allfall sidan midt på 1800-talet har fjella og høgareliggjande skogsområde vore viktige for fritid og rekreasjon, knytt til jakt, fiske, turgåing og naturopplevingar av mange slag. Tur- og friluftsliv har vore og er ein del av den norske veremåten, også for folk i byar og tettstader. Friluftskulturen har fremja trivsel, helse og levealder.

Med folkevekst, spesielt i byar, og med meir reising over landegrensar, blir fjella og høgareliggjande skogsområde med urørd eller lite utbygd natur meir og meir viktige som fritids- og rekreasjonsområde. Det ser me tydeleg om ein undersøker bygging i fjellområda. I fjellområda er det fleire fritidsbustader (om lag 130 000) enn det er bustadhus/leilegheiter (ca. 113 000). I fjellkommunane i Noreg i dag blir det bygd fire hytter for kvar ny bustad.

Bruken av fjellet gjer også at krava til forvaltning blir større. Måla må vere at me legg til rette for at folk kan opphalde seg i naturen på same tid som me beheld urørd og lite utbygd natur, og byggjer hytter, hotell og pensjonat og legg vegar, skiløyper, sykkelstigar og andre ferdselsårer med så små og skånsame naturinngrep som råd.

Kulturarv og tradisjonar

Det er grunn til å tru at det har vore busetnad i og nær fjellområda våre og aktiv bruk av naturen i desse områda kontinuerleg frå isdekket vart borte 10-12 000 sidan og fram til vår tid. Her har det gjennom hundreåra og tusenåra vakse fram kulturtrekk, kunnskapar, dugleikar, kunstformer og veremåtar som er ulike andre stader, og som er av verdi for framtida. Det er ei felles oppgåve å ta vare på og utvikle dette vidare.



Samisk kultur og næring

I framtidens Sápmi er det viktig å ta vare på tradisjonelle samiske næringer, samstundes som ein legg til rette for utvikling av nye næringer tufta på samisk kultur. Menneske med tilhøyrse til samisk kultur tek vare på og utviklar samisk språk, samisk kultur og samisk samfunnsliv.

Det er viktig å sikre eit fullverdig samiskspråkleg tilbod gjennom heile livet. Alle som ynsker det, skal ha moglegheit til å læra seg samisk. Samisk språk og kultur er det viktigaste for bevaring av samiske samfunn. Å sikra eit godt samiskspråkleg tilbod i barnehagar og eit likeverdig og godt samiskspråkleg tilbod på skulen, vil vera nøkkelen til å lukkast. Her er det avgjerande å ha eit nært og aktivt samarbeid med og mellom kommunane som i praksis skal gjennomføra dette.

Fellestrekk for fjell-landskapa

Norske fjell-landskap er meir stabile enn mykje av verdas landjord. Dei er lite utsette for jordskjelv, jorderosjon, ras, store flaumar og alvorlege tørkeperiodar. Nedbøren er tilstrekkeleg for plantevekst, og den fordeler seg over året med regn- og snø dagar og opphaldsdagar. Landskapet blir ikkje ramma av den havstigninga som truleg kan ventast dei neste hundreåra. Vintersnø og kulde held plantesjukdommar unna. Klimaendringane gjer at desse landskapa truleg vil bli endå viktigare framover.

4. Fjellperspektivet – kunnskapssamling, forskning, utdanning,

Om fjell-landskapa skal nyttast til beste for innbyggjarane i kommunane, for landetfor kloden og for komande generasjonar, er det avgjerande at vi forstår naturressursar, særtrekk og verdiar i desse områda og at dei på ein del måtar er ulike naturressursar, særtrekk og verdiar i andre område. Vi kallar dette *fjellperspektivet*.

Fjellnettverket arbeider for

- å samle og formidle tilgjengeleg kunnskap om alle sider ved naturen i fjell-landskapet og bruk av denne naturen.
- at forskning knytt til fjella får ein sentral plass i norsk forskingsverksemd framover.
- samarbeid og kunnskapsdeling med andre land med fjellressursar innanfor sine grenser.
- at kunnskapar om fjella får ein meir sentral plass i norsk utdanning.
- at fjellperspektivet blir vurdert som eit sjølvstendig perspektiv i arealplanlegging og politikk som vedkjem desse områda og i det grønne skiftet.



5. Folk i og nær fjella

Den beste måten å sikre at fjellnaturen blir ivareteken på og brukt på berekraftig vis, er at det bur folk i desse områda og at dei har kunnskapar om og interesse for sine område og demokratiske styringsorgan med nasjonal innverknad.

Sidan 1990 har innbyggartalet i Noreg auka med 25 prosent. I same periode har innbyggartalet vorte redusert med seks prosent i fjellområda⁶. Framskrivingsstal frå SSB viser at denne tendensen kjem til å auke.

Det er ei nasjonal oppgåve, og like eins ei oppgåve for kommunar og fylke med fjell-natur, å leggje til rette for busetnad og næringsliv i fjellområda.

Det handlar blant anna om:

- å bidra til eit aktivt næringsliv i desse områda, med spesiell vekt på produksjonsliv basert på lokale naturressursar, såleis også bearbeiding av matvarer og andre varer som er produserte på lokale ressursar.
- å byggje ut eit variert næringsliv i desse områda.
- å gi innbyggjarane der likeverdige tilbod med innbyggjarar andre stader når det gjeld helsevern, sosiale ordningar, eldreomsorg, skulegang, vidaregåande utdanning og andre oppgåver som fellesskapet har ansvar eller delansvar for.
- at innsyn i at naturen både er viktig og sårbar, alltid må liggje til grunn for arealforvaltning og politikk.
- At fjellfolk får bygd ut fysiske og digitale møteplassar for inspirasjon, nettverksbygging og erfaringsutveksling.

6. Fjellpolitikk

Fjellområdas betydning for ei berekraftig samfunnsutvikling og ressursutnytting får stadig større merksemd internasjonalt. Globalt sett står fjellområda ovanfor store endringar dei neste tiåra. Dette skapar komplekse utfordringar og behov for ein heilskapleg politikk, på tvers av sektorar, nasjonale og lokale skiljeliner⁷.

Dei naturgjeve føresetnadene skapar livsvilkår og rammevilkår som skil seg vesentleg frå andre område i Noreg. Distriktpolitikken har i liten grad retta seg inn mot desse områda spesielt og tek i liten grad høgde for dagens utfordringar i fjellområda.

⁶ Fjellindeksen 2018

⁷ På Norges tak Kunnskap for utvikling av fjellområdene i Norge Et strategidokument fra FJELL-FORSK-NETT



Fjellnettverket meiner det er nødvendig med ein god fjellpolitikk som byggjer på eit samspel basert på økonomiske, kulturelle sosiale og naturgitte verdiar. Fjellnettverket meiner ein god fjellpolitikk skal bidra til attraktive og levande fjellbygder for fastbuande og tilreisande.

Rammevilkåra for livet i fjellområda skil seg i stor grad frå andre delar av Noreg. Fjellnettverket har saman med Fjell-Forsk-nett undersøkt status for fjellområda i Fjellindeksen. Den viser at utviklinga i fjellkommunane har fleire negative tendensar. Dei fleste fjellkommunane har over tid hatt nedgang i folketal og ei skeiv aldersfordeling. Dette skapar utfordringar både for fjellkommunane og for sentrale strøk. Dette kombinert med eit næringsliv i endring, får ein negativ verknad for grunnlaget for lokal og regional utvikling. Arbeidsmarknaden er lite variert, det er færre nyetableringar enn det er resten av Noreg⁸.

Fjellområda i Noreg har naturgitte føresetnader som har andre grunnlag for utvikling og forvaltning av desse områda enn resten av Noreg. Fjellområda har store ressursar som ein bidreg til storsamfunnet. Samstundes er det utfordringar som gjer at det er naudsynt med ein politikk som legg til rette for ei samfunnsutvikling der det òg i framtida er levande fjellbygder.

6.1 Økonomi:

Ein variert og trygg arbeidsmarknad er grunnlaget for busetting og økonomisk vekst. I sentrale strøk blir det stadig meir pressa bustadprisar og trykk på offentlege tenester på grunn av folketalsauken. I fjellområda treng vi arbeidskraft for å møte demografiutfordringane og for å halde oppe viktige offentlege tenesteområde, derfor bør det satsast i større grad på næringsutvikling i fjellområda. Låg arbeidsløyse og ein arbeidsmarknad der ulik kompetanse kan sysselsetjast er naudsynt for at fjellområda skal vere attraktive plassar for fastbuande.

- Ein aktiv næringspolitikk for å sikre variert og trygg arbeidsmarknad i fjellkommunane, både gjennom nyetableringar og styrking av eksisterande verksemdar i fjellområda.
- Rammevilkår for kommunane skal dimensjonast etter faktiske brukarar i staden for innbyggartal.
- Politiske verkemiddel (risikokapital) for å styrke etablering og nyskaping
- Differensiert arbeidsgjevaravgift er eit nødvendig og viktig verkemiddel
- Rammevilkår for landbruket som tek utgangspunkt i dei særlege føresetnadene for drift i fjellet.
- Gode regionale og nasjonale ordningar for eit differensiert bustadtilbod.
- Digital struktur, mobil og breiband skal vere tilgjengeleg i fjellområda

6.2 Natur

Ei berekraftig utvikling av fjellområda er naudsynt for det grønne skiftet i Noreg.

⁸ Fjellindeksen 2018, Østlandsforskning



- Berekraftig bruk av naturressursar skal danne grunnlaget for vidareutvikling og nyskaping av næringslivet i fjellområda.
- Sikre biologisk mangfald gjennom blant anna bruk av utmark som beiteareal.
- Styrke lokal produksjon og verdiskaping, særleg lokalprodusert mat og eit opplevingsbasert reiseliv.
- Førsetnaden for ein berekraftig levemåte skil seg i stor grad frå sentrale strøk. Utvikling av ei bygdemiljøpakke bør vere første skritt på vegen på tilpassing av bygdene til det grønne skiftet.



6.3 Sosialt

Fjellområda skal og bør ha inkluderande lokalsamfunn som har same vilkår for tryggleik og velferd.

- Rammevilkår for offentlege tenester slik at dei kan dimensjonerast etter faktiske brukarar, ikkje innbyggartal.
- Desentralisert, bredt og relevant utdanningstilbod.
- Gode regionale og nasjonale ordningar for eit differensiert bustadtilbod.
- Beredskapen i fjellområda skal styrkast.

6.4 Kultur

Kulturarven i fjellområda har ein stor verdi i seg sjølv og som utviklingskraft. Kulturarven i fjellet har ein viktig verdi, både for dei fastbuande og for tilreisande

- Ivareta kulturlandskapet i fjellområda.
- Innovasjon og næringsverksemd basert på kulturarv og tradisjon.
- Landbruk og lokal matproduksjon er ein sentral del av kulturarven frå fjellet. Drift av stølar og vedlikehald av kulturlandskapet har både ein økonomisk og ein kulturell verdi.
- Reiselivet bør knytast tettare saman med lokal kultur- og naturbasert næring. Det må satsast aktivt på kultur- og naturbasert næringsutvikling og auka verdiskaping i kultur næringane med tanke på å etablere fleire verksemdar og arbeidsplassar.



FJELLNETTVERKET

Reiselivssenteret på Geilo
Vesleslåtvegen 13
3580 Geilo

Viken fylkeskommune
Postboks 220
1702 Sarpsborg

fjellnettverket.no